

Oppmoding om å ikkje reisa på hytta.

13.03.2020



Kommuneoverlegen bed alle om å la vera å reisa på hytta og til fritidseigedom i perioden fram til 26. mars. (Illustrasjonsfoto).

Dette er ei melding til eigarar av hytte/fritidseigedom og til dei som er busette i anna kommune: Kvinnherad kommune informerer om at grunna smittesituasjonen som vi har i Noreg i dag, vel Kvinnherad kommune å oppmoda hytteeigarar i kommunen om å nøye vurderer om det er rett å dra hit no. Kvinnherad legg seg på ei restriktiv line for å avgrensa smittefare og dette kan påverke deg som hytteeigar

I ressemeldinga les vi vidare: Når mange menneske er samla på ein stad aukar smittefaren. Sjå www.kvinnherad.kommune.no for meir informasjon. Avgjersla er ein oppfølging av nasjonale føringar og smittevernlova. Er ein pålagt karantene i heimkommunen, skal det respekterast.

Brot på reglar om karantene kan medføre rettsfølgjing. Kvinnherad har stort press på helsevesenet om dagen. Kommunehelsetenesta er ikkje dimensjonert for den nasjonale krisa vi står ovanfor no.

Kommuneoverlegen oppmodar difor eigarar av fritidsbustader i kommunen om å ikkje nytta desse i perioden fram til 26. mars. Ein bed alle eigarar av fritidsbustader om å halde seg i heimkommunen. Vi ynskjer ikkje tilreisande med mogleg smitte til kommunen. Dette er eit tiltak for å hindra vidare spreieing av koronaviruset, lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Oppmodinga er ein del av det som Helseministeren sa om å ikkje dra på fritidsreiser i denne perioden.

Test: Pressemelding
Foto/nett: Kristian Bringedal